



Sjekkar: Inne på pc'en kan Robin Nordengen Bjørnstad sjekke om gummien han har pakka, held mål.

Fekk plass hjå NorMec

Robin Nordengen Bjørnstad hadde ingen arbeidserfaring, men ville ut i fast jobb. Ved hjelp av VINN fekk han kome inn på NorMec for arbeidstrening. I dag er han fast tilsett.

TEKST OG BILETE: LIV TORUNN TORPE

- Me vart kontakta av VINN, og fekk Robin Nordengen Bjørnstad opp her for arbeidstrening i ei periode. Me syns han gjorde ein god jobb, og etter endt periode vart han tilsett med lønnsstilskot, fortel Jan Leif Slettemoen, dagleg leiar i NorMec. Det forplikta ikkje å ha Bjørnstad på arbeidstrening. Både han og bedrifta kunne få teste ut om han passa til jobben.

-Det tilskotet me fekk, vart nytta til auka opplæring rundt på dei ulike stasjonane her på huset. Når tilskotsperioda var slutt, vart han vanleg tilsett, fortel Slettemoen. Han legg til at NorMec er ute etter varig arbeidskraft, og syns ei slik ordning virkar til alle sin fordel. - Det er viktig å presisere at når ein går inn i eit slikt forhold, er det med tanke på at det skal

bli eit arbeidsforhold i enden av prosessen, legg han til. Det er også viktig å få integrert dei inn i arbeidslivet så fort som mogleg. Bjørnstad var først innom i VINN, men ville etter kvart ut og prøve seg på andre arbeidsplassar. Han mangla arbeidserfaring, men tok det att i arbeidslust. Bjørnstad og Arne Ruud, tilretteleggjar i VINN, kontakta Slettemoen, som syns dette virka interessant. - Eg fekk praksisplass i seks månader. Både eg og arbeidsgjevar var spent på dette, fortel Bjørnstad. Etter praksisperioden gjekk Bjørnstad over til å bli tilsett med lønnsstilskot. No begynte han å vere rundt på dei forskjellige arbeidsstasjonane.

Han vart lært opp til både møllekøyring og testkøyring. I dag har han ansvar for ulike faste oppgåver, og er elles rundt omkring der det er bruk for han. **- Industribedrifter** blir rekna som kjedelege arbeidsplassar, men alle dei som er innom NorMec ser at her er det variert arbeid. Til tider er det ganske så hektisk, legg han til. - Det er endå vanskelegare å få seg jobb når ein ikkje har arbeidserfaring. Her er VINN si fine rolle. Dei som manglar arbeidserfaring, blir utplassert, og får vise kva dei er gode til. Bedriftene får samstundes moglegheit til å sjå om desse

NAV gir menneske moglegheiter

Mange arbeidssøkarar kjem seg attende i arbeid på eiga hand. Når menneske treng hjelp for å kome tilbake i arbeid, kan NAV gå inn med ulike tiltak. Det er viktig at tiltaket er tilpassa den enkelte, seier Bjørn Skjelseth, leiar for NAV Gol og Hemsedal. Når det gjeld mange av dei som har behov for hjelp til å kome tilbake i arbeid, nyttar NAV arbeidsmarknadstiltak organisert av VINN. VINN har eit stort kontaktnett med mange forskjellige arbeidsgjevarar, der brukarane kan kome seg ut i ordinært

arbeid. VINN kan tilby ein engasjert og inkluderande arbeidsmarknad. - Dei har kontakt med bedrifter som er flinke til å gje folk ein sjanse til å kome seg i ordinært arbeid, meiner Skjelseth. Dette betyr mykje for å lukkast. - Me ser at det er ein stor arbeidsmarknad i Hallingdal, og at det er mange stillingar som aldri rekk å bli lyst ut. Bruk det nettverket du har, for det er fleire jobbar der ute enn det ein ser under «ledig stilling»-annonansane, avsluttar Skjelseth. Les meir om kva NAV kan tilby www.nav.no

«Eg trivs veldig godt her, og syns det er kjekt å gå på jobb. Eg blir her til eg blir gamal og grå, trur eg.»

ROBIN NORDENGEN BJØRNSTAD

personane passar inn i bedrifta si. Det er ein Vinn - vinn situasjon, smiler Slettemoen. - Eg trivs veldig godt her, og syns det er kjekt å gå på jobb. Eg blir her til eg blir gamal og grå, trur eg, seier Bjørnstad. Han trur ikkje på at graset er grønare på andre sida. - Det vil alltid vere oppgåver som ikkje er like spennande, men dei må gjerast. Etterpå kjem det fleire oppgåver som gjerne er kjekkare å drive med. Men slik er det jo på alle arbeidsplassar, seier Slettemoen.

Bjørnstad har gått gradene hjå NorMec. Han er mest i gummi-produksjonen. Der må ein vere fokusert når ein er på jobb. Han syns det han gjer der, er utruleg interessant, og likar det han driv med. - Det er også eit ganske ungt miljø, og eg har det veldig bra her, avsluttar han.



Tar ansvar: Robin Nordengen Bjørnstad, tilsett, er sitt ansvar bevisst. Det er viktig at han er nøye og fokusert. Her rullar han opp gummi i riktig mengde og tjukkleik. Jan Leif Slettemoen, dagleg leiar, følgjer med.

VINN 25 ÅR



Som 25-åring er VINN vital, utviklingsorientert, nyskapende og full av energi og pågangsmot for framtida. VINN er opptatte av vidare utvikling og å være til stede for sine brukere. Likeverd og menneskeverd er og har alltid vært viktige verdier for VINN. For uansett hvor vi er i livsløypa, hvilke evner vi har, hva vi har fått til, eller ikke fått til, så er vi sjuende og sist mennesker med unik verdi og unike muligheter. VINN har opparbeidet seg et tydelig nettverk av bedrifter som de samarbeider nært med. Denne kontakten er avgjørende for å lykkes med å få deltakerne i VINNs tiltak ut i jobb. Næringslivet i Hallingdal viser stort engasjement og stor velvilje, sammen med VINN, for at deltakerne skal lykkes.

NAVs visjon er: Vi gir mennesker muligheter. VINN bidrar til å gi visjonen innhold og mening. NAV har en rekke tiltak og tilbud som først og fremst skal bidra til at mennesker kommer ut i arbeid. Arbeid handler ikke utelukkende om produksjon, krav og lønn. Det handler kanskje like mye om at arbeidsplassen er en arena for sosial kontakt og for å etablere sosialt nettverk. Det handler om tilhørighet og identitet. VINN som arbeidsplass er en viktig sosial arena for alle som jobber her. Her skapes opplevelse av mestring, tilhørighet og vennskap. VINN er en av to attføringsbedrifter i Hallingdal, en av NAV sine gode hjelpere. For NAV i Hallingdal er VINN en viktig samarbeidspartner. Gjennom tiltakene, som VINN utfører på oppdrag frå NAV, er VINN i sterk grad med på å skape muligheter for brukerne av tjenestene. For å skape disse mulighetene er tett oppfølging hovednøkkelen. For nøkler må til for å låse opp dører man kanskje trodde var låste for alltid. Tett oppfølging handler om å ta seg tid og å være tålmodig. Tett oppfølging handler om å tro på folk, gi tillit. Gjennom tett oppfølging skapes muligheter. NAV-kontorene i Hallingdal takker for godt samarbeid i 25 år. Gratulerer med dagen og lykke til videre.

Bjørn Skjelseth
Leder, NAV Gol og Hemsedal